


# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 — des. 1977  
10. årgang



det var ikke rom for dem i herberget

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Ingar Fykse, Harald Haugsvær, Magne Sognstad, Bjørg Hellesøy.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.

Torsdag kl. 17.30—19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.

Onsdag kl. 10.00—11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.  
Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.  
Diakonklokkar Magne Sognstad, Høgatun 16A, Indre Arna.  
Tlf. 24 03 42. Treffes etter avtale.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.  
Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.  
Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.  
Kyrkjeterar Monrad Ulveseter, Stølv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.  
Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00,  
og onsdag, fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjeterar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.  
Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,  
tlf. 24 05 69, kontortid mand.—fred. kl. 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølv. 111a, Indre Arna,  
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 10.

# Ordet vart menneske

Overskrifta er henta frå Johannes evangelium kp. 1 vers 14. Heile verset lyder slik: «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, den herlegdomen som einaste Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning». Dette er siste verset i den teksten som frå i år skal vera preiketekst på 1. juledag.

Det er ei framifrå juletekst. Ordet var frå opphavet. Ordet var Gud. Ordet var hjå Gud. Såleis vert det understreka at det var Gud som vart menneske i Jesus Kristus.

«Ordet vart kjøt», står det i den eldre omsetjinga. Dette er bokstaveleg korrekt etter grunnteksten. Men ordet «kjøt» tyder ikkje berre lekamen. Her er det tale om heile mennesket. Det gjev og uttrykk for mennesket i sin samanheng med heile manneætta.

Gudsordet forkynder her at Jesus ikkje var eit menneske som vart Gud. Men Gud vart menneske i Jesus Kristus. Gud vart fødd til jorda av Maria møy og tok bustad mellom oss. Æva steig inn i verda.

«Og vi såg hans herlegdom». Johannes fortel her at læresveinane såg mannen Jesus. Men dei såg og at Jesus frå Nasaret var Gud. Dei såg inn i det største eit menneske kan få auga på. Gjennom heile sitt liv og i all si ferd openberra Frelsaren sin einskap med Gud. Dette var ein einskap som openberra seg i kjærleik, vilje, tanke og handling. For Jesu vene vart dette ein uendeleg rikdom «full av nåde og sanning».

Ikkje alle såg dette eineståande med Jesus. Dei ville ikkje sjå. Nokre

trudde på Jesus. Dei vågde likevel ikkje gjera alvor av trua si. Dei var redde for kva menneske ville seia. Andre såg dei gjerningar Jesus gjorde. Likefullt forherda dei seg meire og meire andsynes Jesus. Til slutt var dei ikkje i stand til å tru. Men Jesus haldt fram med å seia: «Fylg meg». Dei som ærleg sa ja til dette kallet gjekk frå ljós til ljós. Dei kom fram til denne erkjenninga: Jesus! Du er Messias, den levande Guds Son!

Idag bruker Gud ordet sitt og sakramenta sine for å openberra at Ordet vart menneske, Jesus er Guds Son og Menneskesonen. Den Heilage Ande kaller ved evangeliet og seier: «Fylg meg!» Dei som seier eit retteleg ja til kallet vert leia inn i ein ny røyndom.

Dei får leva saman med Jesus i hans kyrkjelyd. Dei ser alt meir og meir at Jesus er full av nåde og sanning. Nåde er det ufortente. Alle som tar imot Jesus får rett til å vera Guds born. Heile mennesket sitt tilhøvre til Gud står eller fell med den måten ein steller seg andsynes Jesus.

Sanninga er då at vi for Jesus skuld kan få møta ein nådig Gud. Vi vert ikkje rettferdigjorde for Gud ved våre eigne krefter, fortenester eller gjerningar, men ufortent for Jesu Kristi skuld. Ordet vart menneske for at vi ved trua på han skulle få lut i denne frelse. Derfor får kvar og ein som opnar for Jesus vera Guds barn. Jesus er så full av nåde og sanning at han frelser alle som trur på han.

Finn Halle Tvedt

# Juleferingens kulisser

Vår julefeiring har en ytterside. Vi kunne kalle den for julens kulisser. Og det er sannelig ikke småtterier. Uhyre kostbare kulisser, det later til at for hver gang «juledramaet» skal settes opp på nytt, jo mer blir det ofret og tenkt på kulissene. Julegater og glitrende lys i alle farger. Bare regningen til Lysverket må bli millionbeløp! Juleutstillingene — vi har vel knapt ide om hva de koster. Byturene etter julepresanger er nesten blitt en påkjennung. Det er så godt når vi er ferdige med det, at vi drar et lettelsens sukk, som bøndene når de er ferdige med slåtten.

Julekulissene — gaver til en verdi av mange svimlende millioner, skolefri og leksfri, julebord, mer og bedre mat enn noen gang, kos og fest hjemme og ute, stemningsfull musikk, myke juletoner.

De fleste kulissene som vi steller i stand omkring vår julefeiring er vel stort sett fine, verdifulle. Men for en plass de tar! Blir det når alt er kommet på plass et sted på scenen hvor hovedpersonen kan stå? Det kan holde hardt av og til. Eller vi kanskje rett og slett er blitt for trette av alt maset på forhånd til å feire rett jul?

«Kulissene» kan gjøre det for trangt for hovedpersonen. Hvordan var det den første jul? Ikke mye kulisser å snakke om, de ble temmelig improviserte. I all hast ble en

krybbe med halm og høy stelt i stand til han som skulle komme. Men poenget var: Barnet ble tatt i mot om enn under ringe ytre omstendigheter. Kulissene på Betlehems-markene var nattens mørke og stille ensomhet. Mot denne bakgrunn virket det himmelske lyset ekstra sterkt. I denne mørke stillhet lød englesangen sikkert like vakker som den lød tydelig.

Når alt kommer til alt: Kanskje var dette de mest hensiktsmessige kulissene. Omgivelser som tjente til å forsterke, understreke det fantastiske budskap: Det er i dag født dere en Frelser!

Hva lærer juleevangeliet oss om julekulisser? At det trengs ikke mye eller mange, Egentlig bare en eneste. Den heter stillhet

for budskapet fra himmelen. La oss høre etter! Det er første forholdsregel å ta for en vellykket julefeiring. Skap stillhet i sinnet, ro i tankene, så Gud kan få ørenes lyd for sitt ord.

Så kan de perifere kulisser komme til senere, men ikke flere enn det er plass til.


Gaver hører også med i juleevangeliet. Hyrdingene hadde ikke det, for de var fattige. Men de vise menn hadde for de hadde råd til, og de fikk lov å gi i sin glede over frelsen. Det skal også vi få lov til og pynte til fest.

Formen skal tjene innholdet som rammen skal fremheve billedet. Juleferingens kulisser skal være slik at de setter Jesus Kristus i sentrum.

Da blir det god jul!

Ingvar Fykse

# Borgstova



I desse dagar, er det stor aktivitet i den gamle Borgstova ved Arna Kyrkje. Arbeidsfolk går til og frå og hammerslag høyrest vidt omkring. Det er oppussing dei heldt på med. Utanpå er det ingen skilnad, men inne er det etter kvart vorte riktig fint.

I samtale med kyrkjetenaren, Monrad Ulveseter, har eg fått nokre opplysningar om den gamle stova.

Kva tid stova vart bygd, er det ingen sikre opplysningar om, men det er sagt ho kom til då kyrkja vart bygd i 1864. Mykje kan tyda på at stova er enda eldre, fra tida 1700 — 1800, og at ho er bygd ein annan stad og seinare flytta dit ho står no. Eg kan nemne at da dei reiv den gamle innerkledningen, kom det fram avisar fra 1867 som var klistra på plankane.

Fra først av, vart Borgstova nytta av presten når han kom fra Haus og skulle ha gravferd eller ha samtale

med sokneborna. Han overnatta då i Borgstova og budde der medan han var i Arna.

Vidare vart ho nytta til prestes- og dåpssakristi fram til 1936. Elles vart stova nytta som arbeidslokale for kyrkja, ja, ho har jamvel vore nytta som skulestove, like etter krigen.

August 1977, tok ein til med oppussing av Borgstova. Ho skal no romme kontor for soknepresten og diakonklokkaren. Soknerådet får og møte og arbeidsrom i stova. Saman med kontora og møterom, er det laga til venterom og arbeidsrom for evt. diakonal eitåring.

Går alt som det skal, reknar ein med å flytta inn i Borgstova like over nyttår. Vi gler oss til dette, både fordi kontora vi nyttar no er svært dårlige og fordi vi kan flytte inn i et hus som har kyrkjeleg tradisjon og djupe røter i Arna si soge.

Magne Songstad

## Julekort med mening

Ofte kan julens eigentlege bodskap bli borte i alt strev og mas som julefeiringa fører med seg. Laget, som driv kristent arbeid mellom studentar og skuleungdom, har sett dette som ei utfordring, og dei har laga julekort der det vert peika på det Bibelen seier om jula. Kyrkje-lydsbladet har nytta eit slikt kort som forsidebilete i dette nummeret. Dermed vil vi og anbefale desse korta.

Soknerådsformann Ingmar Ljones i avskilsintervju:

# Prekær trøng for nytt kyrkjelydshus i Arna

Ei nemnd skal greia ut spørsmålet

— I Arna er det ei prekær trøng for eit nytt kyrkjelydshus. Kyrkjelydsbladet har i fleire år vore hemma av at vi har mangla ein slik samlingsstad utanom gudstenestene. Arna sokneråd har no sett ned ei nemnd på 5 medlemmer for å greia ut spørsmålet om reising av nytt kyrkjelydshus.

Det er soknerådsformann Ingmar Ljones som seier dette til Kyrkjelydsbladet. Ljones går no av som soknerådsformann. Han har vore med i soknerådet i 8 år, dei 4 siste som formann.

— Nemnda skal greia ut trøngen for eit kyrkjelydshus i Arna, og den skal vidare kome med framlegg om finansieringsplan og den aktuelle plassering av kyrkjelydshuset. Det er ikkje sett noko frist for når nemnda skal ha ferdig sitt arbeid, men utpå vårparten bør framlegget kanskje vera ferdig. Etter mi mening er det stor trøng for eit kyrkjelydshus i Arna, og det bør difor reisast snøgt, seier Ljones.

## MYKJE NYTT

Det har skjedd mykje nytt i Arna kyrkjelyd dei siste 4 åra. Kyrkjelyden sin dagheim har vorte vigsla. Det er innført to nattverdsgudsstenester i månaden. Salmer 1973 er teken i bruk og det er kome fast songeneste i kyrkja. Det er kome igang kyrkjelydsturar og koralkveldar. Vi har hatt elevar frå Menighetsseminaret som diakonale

eitåringar i kyrkjelyden, og vi har fått ny alterduk. Dessutan vart den nye liturgien for høgmassa teken i bruk i Arna 1. søndag i advent i år. Arna Ten Sing er starta i denne bolken. Den nye gravplassen på Mjeldheim er ferdig. Vi har fått ny sokneprestbustad og Borgstova er ominnreda til sokneprestkontor. Det er sett igang fritidstilbod for funksjonshemma og bygthøgtalaranlegg i kyrkja.

## EIN TREDJE PRETESTILLING?

Ein ting vi har arbeidd mykje med i soknerådet, men som vi førebels ikkje har fått gjennomført er oppretting av ein tredje prestestilling i Arna. Soknepresten som skal betjene over 10.000 menneske i Indre Arna har ei enorm arbeidsmengde, og det er skuffande at Kyrke- og undervisningsdepartementet ikkje har vilja erkjenna dette. Men når reguleringa av kyrkjelydsgrensene i Bergen er ferdig vil spørsmålet om ein tredje prestestilling i Arna verta teke opp på ny.

## AUKA KYRKJESØKNING

— Er du nøgd med kyrkjessøknings



i Arna?

— Eg kom til Arna i 1966, og sidan den tid har eg registrert ein betydeleg auke i kyrkjessøknings. Det er mange som set pris på å få oppleva det fellesskapet vi har i kyrkja. Men det er også skuffande at det er så mange som ikkje synes dei har bruk for kontakten med kyrkja og fellesskapet der. Noko av dette kan skyldast at vi ikkje når ut med vårt tilbod om fellesskap. Med eit tenleg kyrkjelydshus kunne vi ha drive langt fleire aktivitetar og ei ny prestestilling hadde og gjort mykje her.

## BETRING AV SAMARBEIDET

— Korleis er forholdet mellom kyrkja og dei friviljuge kristelege organisasjonane i Arna?

— Personleg har eg alltid hatt eit ope forhold til leiarane i dei friviljuge organisasjonane. Men det har dverre vore altfor lite samordning av møteverksemda slik at det har oppstått kjedelige kollijonar. Det hadde vore ei stor

føremon om leiarane i sokneråda og organisasjonane kom saman hvert halvår for å drøfta aktuelle arrangement som tok sikte på det same publikum.

Ingmar Ljones er ein mann med mange jarn i elden. Han er lærar ved Garnes yrkesskule om dagen og på kveldstid er han sjølv elev på kurs i spesialpedagogikk. Dessutan er han nestformann i Bydelsutvalg 11. Så han vert ikkje gåande ledig om han no gjeng ut av soknerådet. Men kan hende kona Berit og dei tre borna får sjå meir til han.

## TAKK TILL LJONES OG SOKNERÅDET

Vi som er i redaksjonen for Kyrkjelydsbladet vil gjerne få takk Ingmar Ljones og dei andre i det gamle soknerådet for det viktige arbeidet dei har lagt ned i ei aktiv tid for Arna kyrkjelyd. Og til det nye soknerådet vil vi si vel møtt til innsats og samarbeid.

Audun Stølås

## Julefest for eldre

Den tradisjonelle julefesten for eldre som Ytre Arna sokneråd skipar til saman med Ytre Arna Sanitetsforening, vert denne gongen i Ytre Arna bedehus søndag 8. januar kl. 16.00. Vi bed dykk merka datoën og ynskjer

VEL MØTT

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døpte:

- 30/10 Ronny Sunde.  
5/11 Petter Mjelde, Grete Langhelle, Elin Irene Seilen,  
Brit Ingrid Reigstad.  
6/11 Torbjørn Solberg.  
13/11 Ingrid Alice Klemetsen.  
19/11 Roy Åge Minde, Robert Hjelle, Sjur Astor Lohne.

### Ektevigte:

- 5/11 Frode Eikenes og Britt Hanny Eilertsen.  
19/11 Roald Garnes og Anne Gun Kvarme.

### Avlidne:

- 21/10 Ragnhild Bruvik.  
27/10 Svanhild Berge.  
28/10 Magdeli Rolland.  
30/10 Andreas Martin Valdersnes.  
7/11 Ragnhild Johanne Revheim.  
21/11 Ruth Liland.

## YTRE ARNA SOGN

### Døpte:

- 23/10 Eivind Wattø Rolland.  
30/10 Christer Bakke.  
5/11 Petter Mjelde (Arna).  
6/11 Linda Songstad.

### Vigde:

- 26/11 Ove Magne Taule og Eva Carol Gaulen.

### Døde:

- 29/10 Magnus Ytrearne, f. 1908.  
30/10 Andreas Martin Valdersnes, f. 1902.

RIV UT

# Ny ordning for høgmassa

På dei neste fire sidene gjev vi att kjøpt hjá bokhandlarane eller direktesteparten av den nye ordninga for te i Andaktsboksskapet i Oslo. Det høgmassa. Nattverdsritualet og til- er godt om så mange som mogeleg i legget for dei ymse høgtidene i kyrkjelyden gjer seg kjent med den kyrkjeåret er ikkje teken med. Heile nye liturgien. den nye ordninga, med noter, er å få

### I Innleiing: Bøn og lovsong

#### 1 Inngang

Preludium, som forspel til  
Inngangssalme — *lovsong eller salme som svarar til kyrkjeåret, eventuelt bibelsk salme.*

#### Liturgen:

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus! Amen.

#### 2. Syndsvedkjenning

#### Liturgen:

Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

#### Kyrkjelyd og liturg:

Heilage Gud, himmelske Far.  
Sjå i nåde til meg, syndige menneske,  
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar  
og kjänner den vonde hug i hjarta mitt.  
For Jesu Kristi skuld ha tol med meg.  
Tilgjev meg alle mine synder  
og gjev at eg må ottast og elskar einaste deg. Amen.

#### 3 Bønerop

#### Kyrkjelyd og liturg:

*Kyrie elieison, Gud Fader, miskunna oss.*

*Kriste eleison, Herre Krist, miskunna oss.  
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna oss.*

#### **4 Lovsong**

**Liturg eller forsongar:**

*Ære vere Gud i det høgste!*

**Kyrkjelyden:**

*Og fred på jorda, hjå menneske som Gud har hugnad i!*

*Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.*

*På høgtidsdagar syng ein dette salmeverset rett etter «Og fred på jorda, hjå menneske som Gud har hugnad i».*

*Vi lovar deg, vi takkar deg,  
vår Skapar, Far og Herre!*

*Å Jesus Kristus, du Guds Son,  
velsigna evig vere!*

*Du ber all verdens synd og skam,  
miskunn deg over oss, Guds Lam,  
ved Heilaganden! Amen.*

#### **5 Kollektbøn for dagen**

**Liturgen:**

*Lat oss alle be!*

*Liturgen: Bed kollektbøna for dagen.*

**Kyrkjelyden:**

*Amen.*

## **II Forkynning av Guds ord**

**Liturgen:**

*Lat oss høyra Herrens ord!*

**Kyrkjelyden reiser seg og syng:**

*Gud vere lova! Halleluja, Halleluja, Halleluja.*

#### **6 Fyrste lesing**

*Frå Det gamle testamentet eller frå eit av breva i Det nye testamentet, frå Apostelgjerningane eller Johannes' openberring.*

*Kyrkjelyden set seg etter tekstlesinga.*

#### **7 Høgmessesalme**

*Salme som høver før dagen eller til ein av tekstane, eventuelt bibelsk salme.*

#### **8 Andre lesing**

*Frå eit av breva i Det nye testamentet, Apostelgjerninga, Johannes' openberring eller eit av evangelia.*

*Kyrkjelyden reiser seg før tekstlesinga.*

#### **9 Truvedkjenning**

**Tekstlesar eller liturg:**

*Lat oss vedkjennast vår heilage tru!*

**Kyrkjelyd og tekstlesar/liturg:**

*seier fram den apostoliske truvedkjenninga:*

*Eg trur på Gud Fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.*

*Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einaste Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den Heilage Ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
før ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
før opp til himmelen,  
sit ved den høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå og døma levande og døde.*

*Eg trur på Den heilage Ande,  
ei heilag allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.*

*Kyrkjelyden set seg.*

#### **10 Salme før preika**

#### **11 Preika**

*Forkynnaren kan fyrst be ei kort, fri bøn.*

*Kyrkjelyden reiser seg før preiketeksten vert lesen.*

*Preika sluttar med denne lovprisinga:*

*Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,  
som var og er og vera skal ein sann Gud frå æva og til Æva.*

#### **12 Salme etter preika**

## **III Kyrkjelydens forbøn**

**13 Kungjeringar**

#### **14 Forbøn**

**Liturgen:**

*Lat oss venda oss til Gud i bøn.*

*Liturgen leier forbøna.*

**Kyrkjelyden:**

*Deg vere ørre i all øve!*

**Kyrkjelyden:**

*Herre, høyr vår bøn.*

**Siste gong:**

*Herre, høyr vår bøn. Amen.*

**Herrens bøn.****Kyrkjelyd og liturg:**

*Fader vår, du som er i himmelen!*

*Lat namnet ditt helgast.*

*Lat riket ditt koma.*

*Lat viljen din råda på jorda som i himmelen.*

*Gjev oss i dag vårt daglege brød.*

*Forlat oss vår skuld,*

*som vi og forlet våre skuldmenn.*

*Før oss ikkje ut i freisting,*

*men frels oss frå det vonde.*

*For riket er ditt, og makta og æra i all æva.*

*Amen.*

*Her kjem eventuelt*

**15 Kyrkjelydens takkoffer**

*Under ofringa kan kyrkjelyden syngja ein salme.*

*Offeret vert samla inn i kyrkjebenkane, eller kyrkjelyden kan ofra  
på altaret.*

*Etter ofringa kan liturgen be ei kort bøn.*

*Er det dåp i høg messa, kjem han her.*

**IV Samling om Herrens bord****V Avslutning med velsigning****20 Sluttsalme****21 Velsigning****Liturg eller forsongar:**

*Lat oss prisa Herren!*

**Kyrkjelyden reiser seg og syng:**

*Gud vere lova! Halleluja, Halleluja, Halleluja!*

**Liturgen:**

*Herren velsigne deg og vare deg.*

*Herren late sitt andlet lysa over deg  
og vere deg nådig.*

*Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred.*

**Kyrkjelyden:**

*Amen, Amen, Amen.*

*Under den stille bøna som kjem etter, slår ein tre gonger tre slag med  
ei av kyrkjeklokkekene.*

**22 Postludium**

Dette biletet av familien Almelid er teken i Etiopia julafuten 1975. Dei hadde då besøk av Åshild Mæstad, syster til Anlaugå, som var misjonær i Etiopia og misjonærane Dagny Ramsdal og Lillian og Odd Åge Agedal. Det er Odd Åge Agedal som har teke biletet.

# Jul i Etiopia - ein kyrkjelydsfest

30 varmegrader, ingen julegåver, ikkje juletre

— 30 varmegrader midt på dagen,  
ein varme som fekk stearinlysa til å  
smelta i staken, ein vanleg arbeids-  
dag, eit juletre nesten gøynt bort i si  
eiga stove.

Dette er råma om julefeiringa for

dei norske misjonærane i Etiopia.  
Anlaug og Gunnar Almelid har saman  
med sine sju born feira jul i Etiopia  
dei siste tre åra. Dei var i Etiopia

Forts. neste side

## Forts. fra forg. side

som utsendingar for Misjonssambandet. I haust kom dei heim att til Tungeland i Langedalen. Kyrkjelydsbladet har hatt ein prat med dei for å høyra korleis julefeiringa er i Etiopia.

— Dei norske misjonærane i Etiopia feirer jul to gonger. 24. desember er ein vanleg arbeidsdag i Etiopia. Det er berre dei norske som har julefeiring då. Dei kristne etiopiarane har sin jul 6. og 7. januar. Dei heidenske etiopiarane har ikkje noko som liknar julefeiring, slik vikingane hadde sine midtvinterblot.

— Eigentleg begynte julefeiringa då skuleborna våre kom heim til misjonsstasjonen Dilla i Sør-Etiopia i midten av desember. Dei gjekk på den norske skulen i hovudstaden Addis Abeba mange hundre kilometer borte.

Men sjølv om dei ytre tilhøva ikkje minna så mykje om norsk jul så var det likevel den same bodskapen som lydde og den kunne vi gleda oss over jamvel om mykje av det ytre var ulikt det vi var vant med.

Den etiopiske ortodokse kyrkja, den koptiske, har sin julefeiring 6. og 7. januar. Dei evangeliske kristne i Etiopia høgtida jula også desse dagane. I Etiopia er jula meir ein kyrkjelydsfest enn ein familielitest, slik vi har det i Norge. Gudstenesta er sentrum i julefeiringa. Her vart ofte juleevangeliet dramatisert av kor.

Jula er også den store offerfesten for etiopiarane. Dei tenker at når Gud har gjeve oss sin eigen son, kva skal ikkje vi då gje hans kyrkje på jord? Einskilde kyrkjer får inn så mykje i gåver i jula at dei har nok for heile året til forstandar og prest.

## Haugland yngreslag på leir

Haugland Yngreslag var i oktober på ein helgetur til leirstaden Raknestunet på Osterøy. 57 leiarar og yngresar var med på turen. Her var det bibeltimar, turar og flyndrefangst, for å nemna noko. Reidar Høyland i Santalmisjonen var innom og viste lysbilete frå misjonsarbeidet i India, Banlgadesh og Ecuador. På biletet ser vi frå venstre Mildrid, Bodil, Unni-Helen og Astrid, alle smilande leirdeltakrarar.

— Det var ein fin flokk vi fekk ha med oss på turen. Ein takk til foreldre som sende borna sine med oss. Det er kun det beste vi vil gje dei — ordet om Jesus, til syndsforlating og evig liv. *T.H.*

Etiopiarane har ikkje juletre. I Etiopia tilber heidningane trea, særleg dei store trea. Dei kristne etiopiarane og misjonærane er difor forsiktige med å ha juletre avdi heidningane elles kan tru at også dei tilber treet. Hadde det ikkje vore for borna hadde vi ikkje hatt juletre i stova.

Til julemat brukar dei det beste dei kan få tak i. På misjonsstasjonen hende det at vi fekk svinesteik frå Addis til julemat. Men etiopiarane et ikkje svinekjøt. Dei ser på det som urein mat. Etiopiarane har heller ikkje for skikk å gje gåver til kvarandre i jula. Men dei kjøper nye klær til seg sjølv og heile familien til dei store festane.

## 68 speiar jenter i Indre Arna og på Lone

# Flott innsats for barn i Afrika og Asia

Speiarjentene i Indre Arna og Lone har vore med i den årlege Speiderjobben. I dagane 19. — 24. september tok speiar jenter over heile landet på seg jobbar til ei minstebetaling på 5 kr. pr. time. Pengane dei på denne måten fekk inn skal brukast til prosjekt.

300.000 kr. skal setjast av til eit katastrofefond til bruk ved katastrofesituasjoner her heime eller ute i verda.

Resten av pengane skal gå til SOSbarnebyar.

Ein SOS barneby er ein by

på 10 — 20 familiehus,

eit administrasjons-

bygg og ofte ein barnehage. Kvar «familie» har sitt eige hus der 6 — 9 foreldre, eller vanskelegstilte barn får veksa opp saman med ei «mor». Spearpengane skal brukast til å byggja ein familiedagheim i Indonesia i ein barneby der og til oppbyggjinga av ein ny barneby i Lesotho, eit lite kongedøme i Sør-Afrika. Lesotho er eit fattig land, men har stabile politiske forhold.

I ei avis som speiarjentene i Indre Arna har laga fortel dei om korleis dei opplevde

speiarjobbdagane og dei har også laga mange fine teikningar. Det var stor variasjon i jobbar. Nokre gjorde hagearbeid, tok opp poteter og gulrøter, gjorde husarbeid, pussha sølvty, passa ungar, bakte kaker.

Dei ivrigaste jobbarene arbeidde over 20 timer og fekk inn over 200 kr.

43 jenter frå Indre Arna fekk inn 2.977,- kr. og 25 jenter frå Lone fekk inn 1.671,50 kr.

Speiarane og leiarane i Indre Arna og Lone KFUK vil takka alle som hjalp oss å hjelpa.

## Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

### TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

**ARNABRUK**

en trygg arbeidsplass

i bygda,

*ønsker alle en*

*God Jul og et Godt Nytt år*

**Solstrands Blomsterforretning**

Hollendergt. 4, tlf. 232050

**Solstrand Begravelsesbyrå**

Herm. Fossqt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

**VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

**Vi ynskjer alle våre kunder ei god jul  
og eit godt nyttår.**

**ALLE VET**

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

**KVERSØY BILFORRETNING**

ESPELAND

Teléfono 24 00 17 — 24 08 45



## -De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

### Storebrand·Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

### ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188  
Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

### La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  
**VESTA** LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET  
**HYGEA**

Herredshuset; Indre Arna — Telefon 240700

### I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp

*Kleiveland*  
LURVIAK

5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

### ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørges oppsatt

### ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Rikt utval i jueblomster, mosekors og  
kranser til gravene.

# Velkommen til kyrkje ✠

## Preikeliste for Arna

- 24/12 Arna Helseheim kl. 11.30 v/spr. Tvedt.  
Haukeland gamle skule kl. 13: Familiegudsteneste ved  
spr. Tvedt. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 15: Familiegudsteneste ved spr. Tvedt. Offer til  
Kirkens Nødhjelp.  
Trygdepustadane Ytre Arna kl. 12 ved res. kap. Fykse.  
Ytre arna kl. 15: Familiegudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16: Familiegudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
25/12 Arna kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved spr. Tvedt. Offer til  
NMS.  
Ytre Arna kl. 11: Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Fykse.  
Offer til NMS.  
Trengereid Kapell: Kl. 18: Høgtidstudsteneste ved spr.  
Tvedt. Nattverd.  
31/12 Arna kl. 23.15: Midnattsmesse ved spr. Tvedt.  
1/ 1 Arna kl. 11: Spr. Tvedt. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11: Res. kap. Fykse. Nattverd.  
8/ 1 Arna kl. 11: Res. kap. Fykse.  
Ytre Arna kl. 11: Spr. Tvedt.  
15/ 1 Arna kl. 11: Spr. Tvedt. Nattverd.  
22/ 1 Arna kl. 11: Res. kap. Fykse.  
Trengereid kapell kl. 11: Spr. Tvedt. Nattverd.  
29/ 1 Arna kl. 11: Spr. Tvedt. Offer Til Bibelmisjonen.  
Ytre Arna kl. 11: Res. kap. Fykse. Offer til Bibelmisjonen.  
5/ 2 Arna kl. 11: Res. kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11: Spr. Tvedt. Nattverd.  
12/ 2 Arna kl. 11: Spr. Tvedt.  
Ytre Arna kl. 11: Res. kap. Fykse.  
19/ 2 Arna kl. 11: Res. kap. Fykse.  
Trengereid kapell kl. 11: Spr. Tvedt. Nattverd.